



Vang kommune

Formannskapet

Møteprotokoll

Møtedato: 27.11.2025
Møtetid: Kl. 09:00 - 18:00
Møtestad: Vang kommunehus - Grindadn

Frammøte	Parti
Jørand Ødegård Lunde	ANDR
Bjørn Olav Søndrol	AP
Vidar Eltun	AP
Marit Andrisdotter Kvam	SP

Forfall	Parti	Varamedlem møtte	Parti
Leif Solemsli	BIV	Tom Kjetil Tørstad	BIV

Møtenotater:

Orienteringar:

- Positivprisen v/ Marte Tangen
- Bygdeliv AS og Klyngetunet v/ Tor-Evert Grøndal
- LNK (Landssamanslutninga av nynorskkommunar)
- Vinjerock v/ Ingebjørg Blomlie Müller
- Gjennomgang av budsjett og økonomiplan v/ Ole Martin Alfstad
- Nytt frå næring v/ Erling Oppheim
 - Digitale nomader
 - Prøvebu i Vang
 - Fjell og fjordruta
- Oppdatering på investeringsprosjektar v/ Landbruk og teknisk
 - Resipientovervaking, status og framdrift i arbeidet
 - Status på planarbeid innan kommunedelplan Tyinkryset
 - Samanheng mellom resipientovervåkinga og planarbeidet og løysing av motsegn.
- Ordførar orienterte om:
 - Endra uttak av konsesjonskraft krev ny fullmakt til Jotun kraft AS. Ny fullmakt er signert.
 - Strategimøte i LVK (Landsdekkande vasskraftkommunar) som var 21. og 22. november.
 - Representantskapsmøta i VKR, IKT, VBRIKS og VLMS.

Sakliste**Sak nr.****Sakstittel**

059/25	Godkjenning av møteprotokoll
060/25	Den positive Vangsgjeldning 2025
061/25	Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029
062/25	Næringsstrategi for Vang - arbeidsplan og budsjett.
063/25	Søknad om status som nasjonalparkkommune - Vang kommune.
064/25	Tilskot til idrettsanlegg og tiltak for friluftsliv
065/25	Høyering - handlingsplan og budsjett for Valdres Natur og Kulturpark 2026
066/25	Bruk av fondsmidler frå Tyinfondet
067/25	Lokale lønsforhandlingar for tilsette i kap. 3 - fastsetting av ny årsløn for kommunedirektøren
068/25	Samlesak for referatsaker

059/25 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

27.11.2025 Formannskapet

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

FS - 059/25 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

060/25 Den positive Vangsgjeldning 2025

Framlegg til vedtak:

27.11.2025 Formannskapet

Behandling

Leiar i frivilligsentralen Marte Tangen deltok og la fram innstillinga frå komitéen. Habiliteten til medlem i formannskapet vart diskutert. Alle vart funne habile.

FS - 060/25 Vedtak:

Vinnar av positivprisen blir publisert etter 03.12.

061/25 Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029

Formannskapet sin innstilling til kommunestyret i formannskapsmøtet 27. november 2025

1. Kommunestyret vedtek årsbudsjett for 2026 og økonomiplan for 2026-2029 med rammevedtak på etatsnivå og investeringsbudsjett i sin heilheit.
2. Kommunestyret legg til grunn gebyrregulativ for 2026 og at sjølvkostområde innan vatn og avløp skal ha 100% dekning.
3. Kommunestyret vedtek ei låneramme for 2026 på 23.170.000 kr og 5.000.000 kr i startlån i Husbanken.
4. Kommunestyret vedtek at det skal skrivast ut eigedomsskatt i høve til eigedomsskattelova § 3 c. Eigedomsskatten skal vera 7 promille av takstverdet, jf. § 11 fyrste avsnitt.
5. Kommunestyret vedtek at ordning med tilskott til bustadbygging blir opphøyrte frå og med budsjettåret 2026.
6. Kommunestyret vedtak av avslutte - Støtteordning for naturfare frå og med budsjettåret 2026 ref. k.sak. 022/25, vedtak 022/25 og 25/126 Kommunal støtteordning - Kartlegging av naturfare 2025 Kommunal støtteordning - Kartlegging av naturfare 2025
7. Kommunestyret vedtek avslutte ordning med støtte til private vegar, FS saksnr. 27/94. 24/149 Tilskott til private vegarTilskott til private vegar
8. Kommunestyret ber kommunedirektøren om ei utgreiing av alternativer for organisering av dagens hovudutval (både HUU og HUL). Utgreinga skal vurdere:
 - Ei eventuel avvikling av hovudutvala, og konsekvensane av dette.

Organisatoriske endringar som kan bidra til betre funksjon, auka effektivitet og meir optimal utnytting av tilgjengelege ressursar.

27.11.2025 Formannskapet

Behandling

tillegg til vedtak, fremja av Jørand Ødegård Lunde, Andre kommunestyret ber kommunedirektøren sette i gang arbeidet med revidering av kommunal planstrategi med mål om vedtak innan utgangen av 2026.

kommunale bygg, fremja av Marit Andrisdotter Kvam, Senterpartiet
Administrasjonen bes i 2026 å sjå på behov, bruk, eigarskap og kostnader for kommunale bygg og samfunnshus. Evalueringa skal føre til ei sak til kommunestyret.

hovudutval, fremja av Marit Andrisdotter Kvam, Senterpartiet
Avvikle hovudutval for levekår og likeverd. Sakene delegeres til formannskapet

Endra punkt 5 i framlegg til vedtak (omforeint forslag), lagt inn av kommunedirektør, Kommunestyret vedtek å vidareføre ordning for bustadformål. Formannskapet gis fullmakt til å revidere retningslinja for tildeling.

Post 5 under Næring og bustadtiltak, ansvar 50, ramme for tilskott etter søknad: Det settast av totalt 5 000 000 kr fordelt med 2 000 000 kr til landbruksformål og 3 000 000 kr samla til næringsutvikling, oppfølging av KPS og støtte til bustadformål. Formannskapet fordeler ramma mellom dei ulike tiltaka.

Ekstra løyving på 750 000 kr med finansiering frå næringsfondet.

Kommunedirektør og økonomisjef la fram saka med støtte frå leiargruppe og rådgjevar for bustad og næringsutvikling.

Tillegg til vedtak frå Jørand Ødegård Lunde: Samrøystes vedteke

Tillegg 1 frå Marit Andrisdotter Kvam: Vedteke mot ein stemme (Jørand Ødegård Lunde)

Tillegg 2 frå Marit Andrisdotter Kvam: Vedteke mot ein stemme (Vidar Eltun)

Omforeint tillegg frå formannskapet (lagt inn av kommunedirektøren): Samrøystes vedteke

Opprinneleg framlegg til vedtak, med tillegg. Samrøystes vedteke

Kommunedirektøren får fullmakt til redaksjonelle endringar av vedtaket.

FS - 061/25 Vedtak:

Formannskapet sin innstilling til kommunestyret i formannskapsmøtet 27. november 2025

1. Kommunestyret vedtek årsbudsjett for 2026 og økonomiplan for 2026-2029 med rammevedtak på etatsnivå og investeringsbudsjett i sin heilheit.
2. Kommunestyret legg til grunn gebyrregulativ for 2026 og at sjølvkostområde innan vatn og avløp skal ha 100% dekning.
3. Kommunestyret vedtek ei låneramme for 2026 på 23.170.000 kr og 5.000.000 kr i startlån i Husbanken.
4. Kommunestyret vedtek at det skal skrivast ut eigedomsskatt i høve til eigedomsskattelova § 3 c. Eigedomsskatten skal vera 7 promille av takstverdet, jf. § 11 fyrste avsnitt.
5. Kommunestyret vedtek å vidareføre ordning for bustadformål. Formannskapet gis fullmakt til å revidere retningslinja for tildeling.
Post 5 under Næring og bustadtiltak, ansvar 50, ramme for tilskott etter søknad: Det settast av totalt 5 000 000 kr fordelt med 2 000 000 kr til landbruksformål og 3 000 000 kr samla til

næringsutvikling, oppfølging av KPS og støtte til bustadføre mål. Formannskapet fordeler ramma mellom dei ulike tiltaka.

Ekstra løyving på 750 000 kr med finansiering frå næringsfondet.

6. Kommunestyret vedtak av avslutte - Støtteordning for naturfare frå og med budsjettåret 2026 ref. k.sak. 022/25, vedtak 022/25 og 25/126 Kommunal støtteordning - Kartlegging av naturfare 2025 Kommunal støtteordning - Kartlegging av naturfare 2025
7. Kommunestyret vedtek avslutte ordning med støtte til private vegar, FS saksnr. 27/94. [24/149 Tilskot til private vegar](#)[Tilskot til private vegar](#)
8. Kommunestyret ber kommunedirektøren om ei utgreiing av alternativer for organisering av dagens hovudutval for utvikling.
Utgreiinga skal vurdere:
 - Ei eventuel avvikling av hovudutvalet, og konsekvensane av dette.
 - Organisatoriske endringar som kan bidra til betre funksjon, auka effektivitet og meir optimal utnytting av tilgjengelege ressursar.

Kommunestyret ber kommunedirektøren sette i gang arbeidet med revidering av kommunal planstrategi med mål om vedtak innan utgangen av 2026.

Administrasjonen bes i 2026 å sjå på behov, bruk, eigarskap og kostnader for kommunale bygg og samfunnshus. Evalueringa skal føre til ei sak til kommunestyret.

Avvikle hovudutval for levekår og likeverd. Sakene delegeres til formannskapet

062/25 Næringsstrategi for Vang - arbeidsplan og budsjett.

Framlegg til vedtak:

Vang kommune ved Formannskapet sluttar seg til og godkjenner arbeidsplan, organisering og budsjett for det vidare arbeidet med ein strategisk næringsplan for Vang kommune slik dette ligg føre i møte pr. 27. november d.å.

27.11.2025 Formannskapet

Behandling

Rådgjevar for bustad- og næringsutvikling Erling Oppheim la fram saka
Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke.

FS - 062/25 Vedtak:

Vang kommune ved Formannskapet sluttar seg til og godkjenner arbeidsplan, organisering og budsjett for det vidare arbeidet med ein strategisk næringsplan for Vang kommune slik dette ligg føre i møte pr. 27. november d.å.

063/25 Søknad om status som nasjonalparkkommune - Vang kommune.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek i samsvar med nyleg vedteken KPS at at Vang kommune skal søkje Miljødirektoratet om status som nasjonalparkkommune.

1. Kommunen forpliktar seg til å oppfylle kriterie for ordninga og innarbeide relevante tiltak i kommuneplanen ved første revisjon.
2. Kommunedirektør får fullmakt til å utarbeide og sende søknad til Miljødirektoratet.

27.11.2025 Formannskapet

Behandling

Rådgjevar for bustad- og næringsutvikling Erling Oppheim la fram saka.

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

FS - 063/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtek i samsvar med nyleg vedteken KPS at at Vang kommune skal søkje Miljødirektoratet om status som nasjonalparkkommune.

1. Kommunen forpliktar seg til å oppfylle kriterie for ordninga og innarbeide relevante tiltak i kommuneplanen ved første revisjon.
2. Kommunedirektør får fullmakt til å utarbeide og sende søknad til Miljødirektoratet.

064/25 Tilskot til idrettsanlegg og tiltak for friluftsliv

Framlegg til vedtak:

Kommunal del-finansiering av idretts- og friluftsanlegg vert prioritert til **nærmiljø- og friluftslivsanlegg**.

Støtteprosenten fastsettest til **20 % av godkjent prosjektkostnad**, innanfor fastsett min–maksbeløp.

Ordinære anlegg vil frå no av ikkje få kommunal støtte.

27.11.2025 Formannskapet

Behandling

Nytt forslag, fremja av Jørand Ødegård Lunde, Andre

Saka utsettast

Nytt forslag frå Jørand Ødegård Lunde: Samrøystes vedteke

FS - 064/25 Vedtak:

Saka utsettast

065/25 Høyring - handlingsplan og budsjett for Valdres Natur og Kulturpark 2026

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Vang stiller seg bak handlingsplan og budsjett for Valdres Natur og Kulturpark (VNK KO) i 2026 som framlagt.

Kommunestyret i Vang stiller seg bak handlingsplan for Valdres friluftsråd (VFR KO) i 2026 som framlagt.

27.11.2025 Formannskapet

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke.

FS - 065/25 Vedtak:

Kommunestyret i Vang stiller seg bak handlingsplan og budsjett for Valdres Natur og Kulturpark (VNK KO) i 2026 som framlagt.

Kommunestyret i Vang stiller seg bak handlingsplan for Valdres friluftsråd (VFR KO) i 2026 som framlagt.

066/25 Bruk av fondsmidler frå Tyinfondet

Framlegg til vedtak

Formannskapet tek saka til orientering

27.11.2025 Formannskapet

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

FS - 066/25 Vedtak:

Formannskapet tek saka til orientering

067/25 Lokale lønsforhandlingar for tilsette i kap. 3 - fastsetting av ny årsløn for kommunedirektøren

Framlegg til vedtak:

27.11.2025 Formannskapet

Behandling

Forslag framma i møtet, fremja av Erlend Haaverstad,

Kommunedirektørens lønn justerast med 4 % som ei auke på kr. 45.381 og ny løn blir kr. 1.179.912.

Gjeldande frå 1. mai 2025

Kommunedirektøren forlot møtet under saka.

Forslag fremma i møtet: Samrøystes vedteke.

FS - 067/25 Vedtak:

Kommunedirektørens lønn justerast med 4 % som ei auke på kr. 45.381 og ny løn blir kr. 1.179.912.

Gjeldande frå 1. mai 2025

068/25 Samlesak for referatsaker

Referatsakene blir tatt til orientering

27.11.2025 Formannskapet

Behandling

Tillegg til forslag vedrørende klimaplan for Valdres, fremja av Jørand Ødegård Lunde, Andre Kommunestyret i Vang skal vedta sin klimaplan

Opprinnelig framlegg til vedtak med tilleggsforslag: Samrøystes vedteke.

FS - 068/25 Vedtak:

Referatsakene blir tatt til orientering
Kommunestyret i Vang skal vedta sin klimaplan.